ALVER
KOMMUNE

Alver Kommune v/Eigedomsavdelinga Daniella Svindal Fernando
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Are Frøysland Grande | 07.07.2023 |
| Vår: 23/988 - 23/57419 | are.froysland.grande@alver.kommune.no | |

# Vedtak til klagevurdering - gbnr 108/226 Lindås

**Tiltak:** dispensasjon
**Byggjestad:** Gbnr: 108/226
**Tiltakshavar:** Elisabeth Rosnes
**Ansvarleg søkjar:** Helge Kleiven

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4 for plassering av murar, leveggar, trapp og betongmur / forblandind nærmare nabogrense og til dels i nabogrense mot gbnr 108/260, 108/604 og gbnr 108/225. Vidare er det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan Kolås II § 10 frå forbod mot gjerde i tomtegrense og frå arealføremålet leik for oppføring av mur / levegg mot gbnr 108 /260 og 108 /604.

**Planstatus**
Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kolås II/planid.: 1263-22071974 er avsett til bustadføremål, delar av tiltaka ligg på areal avsett til leik. Planen har status som gjeldande, men vert supplert med kommunedelplan for Lindås 2019-2031 (KDP-L) der det er motstrid eller reguleringsplanen manglar bestemmelsar/er taus.
Eigedom gbnr 108/226 er på gjeldande plankart merka med tomt nr 28 med tilkomst via veg nr. 15.

Langs veg nr. 15, 4 meter frå regulert vegbanekant ligg det byggegrense mot veg.

Reguleringsplanen manglar talfesta grad av utnytting, på dette punkt vert det KDP-L som set avgrensing for utnytting av eigedomen. KDP-L opnar for at det på areal avsett til bustad kan førast opp byggverk med inntil 400 $m^2$ bruksareal, men ikkje meir enn 30% BYA.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar.

**Regelverk**
- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon for trapp, murar og levegg - gbnr 108/226 Lindås
Historisk dok endeleg klageavgjerd fylkesmannen vedtak fastsetting av høgder felles avkøyrsle mm gbnr 108_226
Historisk dok endeleg klageavgjerd fylkesmannen vedtak plassering gararsje gbnr 108_226
Historisk dok endeleg klageavgjerd fylkesmannen vedtak støttemur planering og levegg gbnr 108_226
Historisk dok løyve til tiltak støttemur skråning og levegg gbnr 108_226

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Elisabeth Rosnes | Dalane 3a | 5955 | LINDÅS |
| Helge Kleiven | Dalane 3a | 5955 | LINDÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver Kommune v/Eigedomsavdelinga | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Daniella Svindal Fernando | | | |
| Frode Malm | Dalane 3b | 5955 | Lindås |
| Statsforvaltaren I Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | Leikanger |